




Frå urix til pollinering

Kvifor eg flytta *fram* til distriktet

Hardangerkonferansen 2017

Bothild Åslaugsdotter Nordsletten
























Ti

Hovudinng

Inngang B

Bilde fra jbi.no
Jærbladet på nett



Bygda er ingen endestasjon

DAGENS GJEST

Då eg flytta til Vågå var eg så full av informasjon om bygdas mangel på unge folk, initiativ og kunnskap at eg nærast såg på med sjølv som ei redningskvinne.

Så feil kunne eg og dei som lokka meg hit ta.

Bygda er full av folk med kunnskap, initiativ og ungdommeleg pågangsmot. Framleis kjem folk flyttande til bygda og blir overraske over graden av intelligent liv utanfor urbane strøk. Det burde ikkje vere slik.

Lokalavisene i fjellregionen nord i Gudbrandsdalen og sør i Trøndelag har gått saman om å lage ei reportasje-serie om den negative folketalsutviklinga i distriktet. Dei kontakta meg for eit intervju om min oppleving med å flytte frå Oslo til Vågå.

Undervegs i intervjuet slo det meg kvifor ei slik avgjerd verkar så vanskelig, og kvifor både vener i byen og marknadsføringa frå bygda har bidrege til å gjere det vanskelegare enn nødvendig.

Då eg i slutten av 20-åra flytta frå hovudstaden og til Vågå i

Gudbrandsdalen fekk eg spørsmål frå vener og familie om eg verkeleg var klar for å slå meg ned på bygda. Og Vågå sin eigen tilflyttingsansvarlege forklarte kor fint det var med hus, mann, born, fast jobb og rolig og fredelig familieliv utanfor byens kjas og mas.

Men eg skulle jo ikkje slå meg ned, eg skulle berre gjere noe annleis nokre år!

Det gode livet på bygda blir, både av folk i byen og bygdefolket sjølve, oppfatta og marknadsført som ein endestasjon i livet. Ein plass å slå seg ned og slå seg til ro, trygt i hamn.

Men det var ikkje difor eg kom. Og det var ikkje difor eg blei verande.

For meg blei livet i Vågå ein rekke med nye utfordringar og moglegheiter. Kvifor er vi ikkje flinkare til å sjå det?

Det er ikkje veldig fristande i starten av eit aktivt vaksenliv å ta en avgjersle om å flytte til bygda når det oppfattast som å si nei takk til alle moglegheiter. Når livet ligg ope framfor ein, kvifor skal ein då slå seg til ro med en gong? Så lenge man trur at byen er moglegheitene for eit



Mette Vårdal

Mette Vårdal, er vagvær, historikar og leiar i Noregs Ungdomslag

spennande og innhaldsrikt liv og bygda er trygg, men kjedeleg, er det vanskeleg å snu den negative folketalsutviklinga i distrikta.

Min erfaring er at røynda på ingen måte stemmer med desse forventningane og fordommane. Byen er full av moglegheiter, men du må stille deg i milelange køar for å nå fram og opp.

Som vagvær har eg fått spennande arbeid, tatt hovudfag og byrja på doktorgrad. Eg er aktiv i politikk, både lokalt og nasjonalt, og leiar i Noregs Ungdomslag, ein stor nasjonal kulturorganisasjon.

Desse moglegheitene er ikkje komme på tross av at eg bur i Vågå, men på grunn av at eg flytta ut av byen.

Skal vi få til utvikling i heile landet må vi slutte å tru at livet utanfor storbyen er ein endestasjon og slutten på nye utfordringar. Det er mogleg å ta ein stopp på vegen både her og der, gripe sjansen om du får den.

Det er ingen grunn til å bruke opp tida til å vente på at ting skal skje i byen når du i staden kan flytte til bygda og være med på det som skjer.

UTFORDRINGAR

«Vi må slutte å tru at livet utanfor storbyen er ein endestasjon og slutten på nye utfordringar.»



Kulturarbeideren:

-Er redd jeg vet altfor lite om Hardanger! Det første som faller meg inn er jo natur.

Journalisten og forfatteren:

- Ha ha. Øhm... Hardanger er ikke et sted jeg har noen tilknytning til, men jeg kan jo prøve.

1. Fantastisk vakkert sted.
2. Jeg har en venn som bor i Granvin når han ikke er ute i verden og arbeider i krigsherjede områder.
3. Om det hadde dukket opp et usedvanlig fristende jobbtilbud.

Den intellektuelle:

- Hm. Det var et veldig interessant spørsmål! Jeg hadde lyst til å flytte til Voss senest i sommer, ihvertfall. Jeg tror det hadde vært viktig for meg å

1. finne noe å leve av
2. finne noe å drive med når jeg ikke jobber
3. kunne reise og besøke barn, familie og venner på Østlandet uten besvær.

Den kvinnelege akademikaren:

- Tja: interessant akademisk jobb, stort og billig hus eller leilighet, og infrastruktur så man kan komme seg kjapt til Gardermoen.

Hipsteren og bareigaren:

- Hahaha....Naturen? Det hadde vel nesten vært hovedargumentet. Hva annet skjer i Hardanger?

